

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Smilfjord

Emne: Høgtidsmat ved familiefester. Bygdelag:

Oppskr. av: Ole Selnes.

Gard:

(adresse): H. Sanghelles veg 4,
Jr. heim.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eiga røynsle.

SVAR

A. Fodselen.

1. Ja, det var slikk.

Grammane og konene i grunde og dei næraste slektingane elles i bygda kom med barselemat.

Her var det vanleg å kalle det "sergjemmat".

2. Som oftast kom dei aleine.

Men var det litt lang veg, og dei måtte frå sjoen, kunne dei slå seg i lag fleire.

3. Nei, det gjorde dei ikkje.

4. Det var ingen bestemt dag ein kunne ta mot vitjing.

5. Kvar kone kom berre ein gong.

6. I gamle dagar var det alltid rømme-graut, kauskje og nokre kaker.

7.

8. Det vanlege var terrim, "grautekome",
vart han vanleg kalla
9. Det vart kalla "senjamat."
10. Regelen var at kona skulle gå,
dersom det var nokke sjölokone.
Det var lite vanleg med døttur eller
tenestjenter.
11. Vanligvis fylgde ikkje mannen
med. Men av og til, dersom vegen
var lang og vanskeleg, kunne
mannen vere med.
12. Ja, dei skulle ha traktering, og
det vart ofte graut, serleg dersom
andre var ute i same erlent den
dagen eller nett før.
Nei, det var ingen skilnad i
så måte.
13. Her har ein ikkje høyrd om nokke
serleg namn på slike samkomer.
14. Denne sendinga var ulla oftast etter
at berubkona var ståt opp,
og nokke etterlag var det ikkje snakk
om.
15. Ja, det var så å seie berre gifta
mødre som fekk senjamat.

16. For ei tid attende - ei stund for
siste krigen - blei det noksn vanleg
med blantkaker, gjerne i tillegg
til rosmarigranten.

Nå i det siste har dei istaden for
grant teke til med å gi gaver - td.
kjølety eller noko slikt.

17. Dette med gave er ein ny skikk
her.

18. Nå tar gaver til å bli vanlig.

19. Ja, det var vanlig.

20. Det var kalla barsel. Det heitte
å drikke bærssøl.

21. Nei, dei brukte ikkje sendingar
i gamal tid, og ingen bestemt
"spiseseddel".

22.

23. Nå er det vanleg med blantkaker
som gjestene tek med seg.

B. Fødselsdag.

24. Nei, det vart ikkje gjort.

25. Det er mest vanleg ved runde
tall.

26. Næraste slektingane og grammen.
Ingen ubedne gjester.

27. Dei som er bedre til selskapet,
gir gaver.

28. Nei.

29. Blautkake er vanleg.

C. Konfirmasjon.

30. Her i anekdot måtte konfirmantane
reise til hovudskolen for å bli kon-
firmert. Dei var der som regel til
over måndagen, da det var attetgang.
Noke selskap i vanleg meinig
var det ikkje til vanleg.

31. Konfirmasjonselskap har vore
vanleg dei siste 20 år omlag.

32. Her har forutan dei næraste slek-
tingane, farsane vore bedne.

33. Gjestene tok kaker med seg.

34. Det er gjestene som gir gaver.

35. Nei, det er ikkje vanleg.

D. Bryllup.

36. Nei, i mormors minne har ikkje
dette vore vanleg.

37. Det har ikkje vore vanleg her,
korkje i eldre tider eller nå.

Her var det vanleg at bryllaupet vara 2 dagar. Dertil kom "samlingskvelden" kvelden for sjolve bryllaupsdagen. Da kom gjestene som hadde så lang veg at dei måtte overnatte i bryllaupsgarden.

a) Gjестene fekk mat, kaffe og smørbrød når dei kom til bryllaupshuset, og emå eit måltid for dei drog til kyrkja. Herifrå var kyrkjewegen lang, og dei rodde. Så hadde dei middag, og emå ein gong skulle det vere mat for gjestene gjekk heim.

b) Middagen kunne vere kjøtt "sodd", eller det kunne og vere fisk.

Dei andre rettene var kaffe og smørbrød. Omkring år 1900 hugsar ein og at kaffar eller sjokolade kom i bruk.

c.

Rommegrant var tradisjonell.

d) Fa. granten var andredagsmat i slike gjestebod så vel som ved høgtidene. Sag for hjelparene etter endt gilde var vel nok så vanleg. "Skallfest."

39.

Sendingarane vart kalla "beiningar". Dei vart sendt til bryllaupsgarden samlingskvelden. Og det var helst kona i huset som skulle avstad.

Til andredagsgrauten tok mange med mjølk eller rømme når dei kom 2. dagen.

Beiningane var ein ost - gomme - smør lagt i utkrota form. og gjerne eit par brød og ei tekkje. (Bakaker var kanskje komne med i seinare tid.)

40.

Smøret skulle vere lagt i form som var utkrota - ofte med fribakstarane til sigaren og kanskje eit årstal.

Det var og stor åre å få si form fremst på burebordet.

41.

Nei, det var ikkje skikk her.

42.

Beining.

43.

Det var som oftast koma i huset, men dersom gjestene badde litt lengre veg, måtte den to dei med-anten det var mann eller kvinne.

44.

Den kvelden dei tok mot beiningane, var kalla samlingskvelden, og gjestene fekk mat også da.

"Kjellarmesteren" - kjellarmeisteren - gjekk da bring med öl til gjestene.

I eldre tider var det og ein spesiell mann til å ta seg av skjenkinga av öl. Han heitte Kjellarmann.

45.

Det var ikkje vanleg.

46.

Dei som serverte i laget, heitte "matmør."

Desse hadde vel mykje å gjere med heimattsendinga. Dessutan hadde nok kona i huset overrappmynt her.

47.

Det hender omgå at byllupet var på andre dager - utanom samlingskvelden.

48.

Ja, det har vor vore vanleg nok så lenge her.

49.

Det hender, men ikkje svært ofte.

50.

Dersom dei sender gaver i slike høve, bli dei gjerne bedne til eit lag etterpå.

51.

Det er ikkje vanleg med festhverken på årsdagen eller ved runde tal.

E.

52.

Dei næraste slektningane - anten dei budde nær eller lenger bortop, dessutan grannane eller folkut i grenda. Her var det nokk dei kalla for "belagt". Da kunne det bli bedne i 30-40 heimar. Elles skilde det litt om gravferda var frå ein gard eller ei husmannstue. I det siste høvet hadde dei ikkje hus til å ta mot så mange gjester.

53.

Gravølet vara like lenge som

eit bryllaup, og måltida var dei same. Det var ingen skilnad på gravøl og bryllaup i så måte.

53.

Gravølet vara i 2 dagar utanom samlingskvelden. Derfor var det vanleg med 3-4 måltid om dagen.

54.

Måltida vart serverte ved langbord.

55.

Nei, ein har ikkje hørt noko om det.

56.

Nei, det var ulla middagen.

57.

Det var alltid i heimen gravølet var halde. Talet på gjestene vart tilnærma husromet.

58.

Sendingene vart sendte kvelden før gravferda skulle vere samlingskvelden.

59.

Smøret skulle vere lagt i formutskåren med roser- og dekorert på den måten.

60.

Ja, dei som kom med leiningane skulle ha traktering - på same måten som ved bryllaup.

61.

Nei, det var ingen skilnad i så måte.

62.

Dei gamle formene er stort sett hilde oppre heremå. Nå er det mein

62.

vanleg med berre ein dag utanom
samlingskvelden. Skikken med
berre å møte opp på kyrkjegarden
eller i heimen rett nær den døde
skal først ut, er ikkje vorte vanleg
her.

63.

Ein brukar ikkje alkohol i det
heile. Sirupsøl eller anna alkohol-
fritt øl blir brukt i staden for
maltøllet.

64.

Nei, det er på det same.

65.

Så nokonlunde som nemnt
ovanfor.

66.

Nei, det gjev ein ikkje.

67. Nei!

68. Skriftleg innsladding er berre
brukt til slike som er langt borte.

69.

Det blei vanleg like før siste
krigen. Men det hender ennå at
det ikkje blir gjort.

F. Nye fester.

70.

Nei, det har ikkje vorte nokon
tradisjon med maten den dagen.

71.

Det hender vel, men ikkje svært
mange feirar denne dagen.

72.

For feiringa av denne dagen gjeld det vel det same som for mandagen.

73.

Nei, det er ikkje blitt nokon regel. Men ei blantkake høres nok med til festen.

74.

Nei.

75.

Det var vel gjennom avisene helst. Ofte kunne det vere ei forretning som reklamerte med ein hoveleg gave for far eller mor.